



## FJELLDILTEN 2018





## FJELLDILTEN

Sommarpostene er ute tida 1/6-15/10 10 postar

Tursmål	Start	Turbeskrivelse	Kart
1. Juvgelet 1150 moh	Alt.1 Elveseter	Start ved bru over Leira ved Elvesæter og gå opp langs veggen opp til Storjubreen. Etter ca 2,5 km ligg posten litt på venstre sida av veggen. Stort sett jamm stigning, men lett å gå på fin veg.	Jotunheimen Vest
2. Knippen 998 moh	Tjønnbakken (Raudbergstulen)	Start i svingen nedanfor på Tjønnbakken på Raudbergstulen. Tydeleg stig og eit ubetydeleg antal høgdemeter opp og ned i kupert terreng. Hald til venstre på første del av turen. Bortimot 2,5 km ein veg. Fin utsikt ved kassa!	Jotunheimen Vest
3. Langranden 1337 moh	Øvre Halsatjønn	Start p rv 55 i nordkanten av Øvre Halsatjønn. Bra stig i bratt, men greitt terreng opp til kassa som står på berget ca 1350 moh på Langranden. Ca 250 høgdemeter.	Jotunheimen Vest
4. Geithøe 1306 moh	Alt1 Leiråsen Alt2 Halsen	Leiråsen: Start frå veggen til Nordgard Kvamme-sætra på høgre sida av tjønna. Følg stigen opp til toppen der kassa er på høgste punktet. Ca 5km tur-retur. Alternativ rute er frå Bøverkinnhalsen.	Jotunheimen Vest
5. Rustakampen 1127 moh	Alt.1 Elveseter Alt.2 Leiråsen	Alt.1 Elveseter: Start frå Elvesæter og følg skogsvegen nesten opp til kassa. Stig siste biten. 6,5 km tur-retur. Alt2 Leiråsen: Kjør til Leiråsen. Parker ved sætra lengst aust (første veg til venstre) Fin stig heilt fram til kassa. Ca 4km ein veg.	Jotunheimen Vest
6. Kutjønn 1196 moh	Opphaug Slålgrenda	Vanlegaste rute er start i Opphaug og følg stigen opp til Hynne. Frå der er det bratt opp til Skisteinen før det flater ut bort til Kutjønn. Posten er ved hytta. 5 km tur-retur. Start Slålgrenda: Gå opp ved Brukveien og inn på same rute som som frå Opphaug.	Jotunheimen Vest
7. Tjønnryggen 1194 moh	Tjønnosbrua	Start frå brua over Bøvra nedanfor Bøvertjønnen, og gå langs vatnet og ca 50m forbi fyrste hytte. Følg stig opp til høgde 1194 moh. Ca 4 km tur-retur.	Jotunheimen Vest
8. Jenteskards- knappen 1132 moh	Netosæter Avkjøring Leiråsen	Her kan ein kjøre opp Tråstadsætra om ein vil, eller parker lenger nede. Følg stigen mot nordaust opp på toppen 1132 moh. Frå 4 til 5 km tur-retur avhengig av startpunkt. Eller du kan starte ved avkjøring til Leiråsen «rett opp» ryggen til toppen. Tur-retur ca. 3km.	Jotunheimen Vest
9. Skriduøe 1155 moh	Mytingen	Kjør til Nigard Galde sætra på myttingen. Gå over Myttingsgrove og opp langs grova, da finn du stigen til Kassa.	Jotunheimen Vest
10. Heyrokampen 1440 moh	Alt.1 Bøverturvatnet Alt.2 Bøverton	Alt.1 Parker i austenden av Bøverturvatnet (ved parkeringsplass). Gå inn i skogen så finn du ein stig opp på snaufjellet. Litt bratt, men ein fin tur. Alt.2 Parker ved Bøverton. Følg merka turiststig til Nørstedalsætra. Bryt av til høgre inn på fjellet. Lett tur til toppen.	Jotunheimen Vest





Informasjon om Fjelltilten finn du på heimesida til Bøverdalen IL  
<http://www.boverdalen-il.no/> eller du finn Bøverdalen IL på facebook.  
Kontaktperson for Fjelltilten: Ingeborg Kjems Simonsen tlf 90 86 37 06



